

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	13.04.2023
Vår referanse	2022/92037-46
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ole Vegard Skauge
E-post	Ole.Vegard.Skauge@vlfk.no
Telefon	99291827

Kossdalsvegen - Avslag på søknad om tilskot frå Statsbudsjettet 2023 kap 1429 post 72

Vestland fylkeskommune viser til søknad av 30.10.2022 frå Osterøy kommune om tilskot til istandsetting og forvaltning, drift og vedlikehald av Kossdalsvegen. Vestland fylkeskommune gjorde vedtak om tildeling ved fylkesdirektøren den 30.mars 2023, jf. nedanfor og vedlagt vedtak.

Vedtak

Vestland fylkeskommune avslår søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap 1429 post 72.

Grunngjeving for vedtak

Vestland fylkeskommune har motteke søknader på til saman kr 52 306 113 kr for 2023. På dette grunnlaget søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om 28 613 200 kr i tilskot. 6. februar 2023 tildelte Riksantikvaren 11 000 000,- i tilskotsmidler til Vestland fylkeskommune for 2023 og førehandstilsegn på 3 300 000,- for 2024. Dette dekker kun om lag 27% av søknadssummen. Difor har Vestland fylkeskommune måtte gjere strenge prioriteringar i tillegg til dei faglege vurderingane etter forskrift og retningslinjer for ordninga. Sjå vedlegg «Informasjon om tilskot frå post 72» for nærare informasjon.

Kossdalsvegen blei bygd i perioden 1889-1893 på pliktarbeid av grunneigarar i området, og var hovudsambandet mellom Hosanger og bygdene lenger inne på Osterøy. Inst i Kossdalen er veggen lagt i 17 hårnålssvingar opp ei bratt li, med ei stigning på 27 prosent i gjennomsnitt og ei lengde på om lag 360 meter. Det er desse såkalla Kossdalssvingane som ein no ynskjer å sette i stand.

Osterøy kommune søker om kr 376 716 i midlar til restaurering og sikring av Kossdalssvingane. Arbeidet som skal utførast er følgjande: mura oppatt utrast parti, sikringsarbeid ved rasstaden, grøftereinsking, grusing, gjenreiseing av stabbesteinar, tilstandsvurdering av murverk og rydding av vegetasjon i berget. Det blir også søkt om kr 21.000 til opplæring i vedlikehald for frivillige, inkludert grus som skal nyttast i vedlikehaldet. Mjøsdaalen idrettslag har hatt ansvar for skjøtsel av veggen sidan 2003, då det blei gitt eit tilskot frå Statens vegvesen til dette. No er det behov for meir omfattande restaurerings- og sikringsarbeid. Kossdalsvegen, og Kossdalssvingane spesielt, er eit sjeldsynt og verdfullt kulturminne. Det vert søkt om å få restaurert og sikra skada parti. Søknaden er stønadsverdig, men andre søkjarar må prioriterast innafor den avgrensa tilskotsramma som er til fordeling, ut frå føremålet med tilskotsordninga, slik det vedtaket gjer greie for. Søknaden er ikkje mellom dei prioriterte i 2023.

De kan klage på vedtaket

Ifølgje forvaltningslova §28 har de rett til å klage på vedtaket. Klaga må de sende til oss skriftleg innan tre veker frå de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage skal sendast til

fyljande adresse: post@vlfk.no eller per post til Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Vi ynskjer lykke til med prosjektet, og de må sjølvsagt ta kontakt om det skulle være noko. Frist for søknad om tilskot for 2024 er 1.november 2023.

Med helsing

Eva Moberg
leiar
KFO - Museum, fartøy- og bygningsvern

Ole Vegard Skauge
seniorrådgjevar
KFO - Museum, fartøy- og bygningsvern

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Post 72 - Omtale av søknader 2023**
- 2 Vedtak om tilskot og tilsegn til Vestland fylkeskommune frå statsbudsjettet 2023 og 2024 kap**
- 3 Retningslinjer og vilkår for tilskudd 2021**
- 4 Kossdalsvegen - Avslag på søknad om tilskot frå Statsbudsjettet 2023 kap 1429 post 72**

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN

Postboks 1483 Vika

0116

OSLO